





Uten tittel, Jennifer Lloyd.



Farao Sesostris I.s tempel, Jenny-Marie Johnsen.
Front: Flisegolv, Søren Ubisch.

Besøksadresse: Hansine Hansens veg 74, Tromsø

Kunstnere: Søren Ubisch, Jennifer Lloyd, Dag Skedsmo, Ellen Lenvik, Jenny-Marie Johnsen, Harald Oredam

Ferdigstilt: 1997


Prosjektansvarlig: Egil Sinding-Larsen

Kunstkonsulenter i kunstutvalget: Per Kleiva, Hilde Hauan Johnsen, Oddvar Løkse, Geir Stormoen

Foto: Kjell Ove Storvik og KORO

Grafisk design: Ulf Carlsson

UIT NORGES ARKTISKE UNIVERSITET, CAMPUS TROMSØ, MEDISIN- OG HELSEFAGBYGGET



KORO
KUNST I OFFENTLIGE ROM

KORO
KUNST I OFFENTLIGE ROM

Medisin- og helsefagbygget stod ferdig i 1991. Det ligg nord på Campus Tromsø og er kopla til regionsjukehuset som blei bygd på same tid. Begge bygningane er kledd i teglstein, av same slaget vi finn på fleire av dei andre bygningane på campus.

I overgangsona mellom fakultetet og sjukehuset finn vi det første kunstverket: Her er fasaden broten opp med mønster av den norske kunstnaren Dag Skedsmo (f. 1951). Skedsmo har ei rekke offentlege kunstprosjekt bak seg og er oppteken av optiske fenomen og geometriske former. Mønsteret han har laga til MH-bygget, set dei to fargenyansane i teglsteinane i kontakt med kvarandre; den rauda teglsteinen på fakultetet går over i den gule teglsteinen på sjukehuset.

Inne er bygningen delt av ein stor glasgang under skråtak, og i denne finn vi det største integrerte kunstprosjektet ved Universitetet i Tromsø: eit gedigent keramisk verk på golvet og veggane, utført av keramikaren Søren Ubisch (f. 1952). Ubisch står bak nokre av dei største offentlege oppdragene for integrert kunst i Noreg. Han har utforma fasaden til Trøndelag Teater (1996), utegolvet i det indre gardsrommet på Domus Academica ved Universitetet i Oslo, og saman med Guttorm Guttormsgaard laga han den keramiske fasaden på Oslo Spektrum.

Det enorme golvkunstverket i MH-bygget strekker seg frå hovudinngangen i sør, der svarte matte og polerte fliser er sett saman i formasjonar med enkelte rosa, kvite og blå innslag, og vidare inn i sjølv glasgangen. Her er den store golvflata delt i åtte rektangulære felt som kan likne vovne teppe med geometriske mønster. Eit par av flatene minner om optisk kunst. Vi blir ståande og fundere på korleis auga lèt seg bedra. I auditoriefløya er også veggane tilverka med fliser i geometriske mønster, kontrastert med myke, vovne samiske teppe på ein annan vegg. To leirformer som gjentek mønsteret i golvet, «veks opp» av dekket. Dei skapar ein skiljevegg i rommet, og liknar oppstilte bøker som kviler på permane.

Jenny-Marie Johnsen (f. 1960) sitt kunstverk er eit utsnitt frå ei søyly i farao Sesosstris Is sitt 4000 år gamle tempel i Egypt. Utsnittet er fotografert og forstørra av Johnsen, og motivet er ikkje tilfeldig valt til eit bygg for medisin og helsefag; det viser faraoen som mottar livsteiknet som gåve. Dette teiknet for kvinneleg fruktbarheit var særleg viktig i egyptisk religion. Johnsen har også utforma ei bok til kunstverket. Den kviler på ein koloss i kleberstein framfor biletet, lik bordet i tempelet, og inneheld meir informasjon om tempelet og historia til Sesosstris I.



Øverst: Flisegolv, Søren Ubisch og *Corona borealis*, Ellen Lenvik.

Flisegolv og veggmosaikk, Søren Ubisch.



Gangbro mellom MH-bygget og UNN, Dag Skedsmo.

Bølger, Harald Oredam.